



Arkivnr: 2016/2314-18

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Deleget saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

**Låneopptak 2016 - II**

**Samandrag**

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2016 vert det teke opp eit 10-års obligasjonslån på 460 mill. kr. Renta er 3 mnd. Nibor + 0,895 %.

**Vedtak**

Det vert teke opp eit 10-års obligasjonslån på 460 mill. kr, tilrettelagt av SEB / DNB.  
Renta er 3 mnd. Nibor + 0,895 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.09.2016

I opphavleg budsjett for 2016 var det budsjettert med 1 463,5 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Låneopptaket vart redusert med 14,5 mill. kr i fylkestingsak 42/16. I sak til fylkestinget i oktober er det gjort framlegg om ytterlegare reduksjon med 9,3 mill. kr. Budsjettet bruk av lån vil etter dette vere 1 439,7 mill. kr.

Det er tidlegare i år teke opp eit nytt lån på 475 mill. kr. No tilseier likviditeten at det er behov for eit nytt låneopptak. Denne gongen vil ein ta opp eit lån på 460 mill. kr. Det vil då stå igjen ca. 500 mill. kr å ta opp seinare i år.

59,1 % av låneporteføljen har for tida fast rente. Det er dermed ikkje rom for å ta opp meir lån med fast rente. I finansreglementet har ein sett ei grense på 60 %.

Når det gjeld løpetid, kan det denne gongen vere ønskjeleg med eit langsiktig lån. Fylkeskommunen tok tidlegare opp dei fleste låna i Kommunalbanken, og det var vanleg med 10 års løpetid. Det er ikkje teke opp nye langsiktige lån i Kommunalbanken sidan 2013, og fleire av dei eksisterande låna nærmar seg forfall. Frå 2017 og utover er det eit eller to Kommunalbanklån som forfall kvart år. Det kan derfor vere ønskjeleg å ta opp nokre nye lån med løpetid opp mot 10 år.

Fylkeskommunen har 3 langsiktige lån med forfall i 2019, 3 i 2020 og 4 i 2021. Det passar dermed best om det nye lånet går fram til 2022 eller lengre.

Ein vil denne gongen be om tilbod på lån i 7 og 10 år.

Bergen Capital Management har gjennomført anbodsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn slike tilbod som vist i tabellen nedanfor. Tabellen viser margin over 3 mnd. Nibor. Marginen ligg fast i heile perioden, medan Nibor-renta blir avlest kvar 3. månad.

	7 år	10 år
SEB / DNB	0,765 %	0,895 %
Nordea Markets	0,764 %	
Danske Bank Markets	0,770 %	0,930 %
Sparebank 1 Markets	0,815 %	
Kommunalbanken	0,900 %	1,000 %

SEB og DNB har gått saman om å gje tilbod. I følgje Bergen Capital Management sine utrekningar kjem SEB / DNB best ut både på 7 år og 10 år. Som følgje av ulike gebyr er effektiv rente på 7-årlån hos SEB / DNB utrekna til 0,779 % mot 0,781 % hos Nordea.

Skilnaden mellom 7 år og 10 år er 0,13 %. BCM foreslår at ein bør vurdere å velje 10 år denne gongen.

Nokre moment som talar for å velje det lengste lånet er:

- Refinansieringsrisiko
- Diversifisert låneportefølje (Fylkeskommunen har ikkje mange lån med rente knytt til Nibor + fast margin. Dei 3 låna ein har av denne typen har forfall i oktober 2016, i 2017 og i 2019.)

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå SEB / DNB om eit 10-årig obligasjonslån.